



Arkivsak

26/10451-1

Sakshandsamar

Marita Bruun

Saksgang

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse

og tannhelse

Fylkesutvalg

Møtedato

27.05.2026

10.06.2026

Årsregnskap 2025 for Fagskolen Vestfold og Telemark

Innstilling frå fylkesdirektøren

Årsrekneskapen for 2025 tas til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Årsrekneskapen 2025 for Fagskolen Vestfold og Telemark blir lagt fram for hovudutval for Utdanning, folkehelse og tannhelse og fylkesutvalet for orientering og eventuell uttale.

Årsrekneskapen skal handsamast og vedtakast i representantskapet for Fagskolen Vestfold og Telemark Kommunale Oppgåvefellesskap 19. juni 2026.

Saksopplysningar

I tråd med ny samarbeidsavtale for Fagskolen Vestfold og Telemark Kommunalt Oppgåvefellesskap, skal representantskapet blant anna vedta årsmelding og årsrekneskap for fagskolen, punkt 4.3. I samsvar med Rutine for saksbehandling av eigarskapssaker, vedteke av leiargruppa til fylkesdirektøren 16.06.2025, skal innkalling til representantskap osb. handsamast i politisk i hovudutval med fagleg tilknytning og i fylkesutvalet.

Årsrekneskapen viser eit årsresultat på 10,9 mill. kr i mindreforbruk. Det er eit generelt mindreforbruk på 1,9 mill. kr. Resterande mindreforbruk på 9 mill. kr kjem av ei omlegging av inntektsmodellen til fagskolen, knytt til tildelinga av driftstilskotet. Desse 9 mill. kr er knytt til aktivitet som gjennomførast i 2026

For kommersielle kurs vart resultatet noko lågare enn budsjettert. Fagskolen fekk ikkje tildelt midlar frå Bransjeprogram (tilskotsordning frå HK-dir) i 2025. Årsrekneskapen viser også økonomisk oversikt og resultat pr. avdeling både ved studiestad Porsgrunn og Horten.

Fagskolen utarbeider årsmelding/årsrapport for kvart skuleår og ikkje for kalenderår. Av denne grunnen blir ikkje årsrekneskapen følgd av årsmelding for 2025. Årsrapport for skuleåret 2024/2025 vart lagt fram for politisk behandling i siste møterekke hausten 2025.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Denne saka gir ikkje direkte økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for fylkeskommunen. Årsresultatet syner ei sunn og berekraftig økonomiforvaltning i 2025. Fagskulen er eigd av Vestfold og Telemark fylkeskommunar, og økonomien i skulen vil indirekte kunna påverka økonomien i fylkeskommunane.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Årsrekneskapen for Fagskulen Vestfold og Telemark gir ikkje konsekvensar for klimamålet i fylket eller til bærekraftsmåla.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at den framlagde årsrekneskapen gir ei god oversikt over økonomien i Fagskulen Vestfold og Telemark i 2025. Auka driftstilskot i 2025 gjennom ei omlegging av inntekstmodellen har ført til eit betydeleg overskot for fagskulen dette året, men det meste er knytt til pågåande aktivitet i 2026. Fylkesdirektøren er nøgd med at fagskulen driftar i sunn balanse med eit visst mindreforbruk i kjerneaktiviteten.

Fylkesdirektøren tilrår at årsrekneskapen blir teken til orientering, og at eventuelle merknader blir gitt til representantskapet som skal vedta årsrekneskapen.

Vedlegg:

Årsregnskap 2025